



Bygg & Eiendom Vest AS
5936 Manger
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar: Daniel Ulvatn
Vår: 20/15376 - 20/63158

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
07.10.2020

Ferdigattest einebustad - gbnr 444/19 Mangerneset

Administrativt vedtak: Saknr: 1065/20
Tiltakshavar: Ove Gundersen
Ansvarleg søkjar: Bygg & Eiendom Vest AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gbnr 444/19.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 29.11.2007. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Ved søknad om ferdigattest er det gjort greie for nytt føretak som ansvarleg søkjar. Det vert elles vist til søknad motteken 09.09.2020.

Skildring

Adresse:	Mangersnesvegen 110
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	24210081
Bruksareal:	243m ²

Avlaup:	Privat avløpsanlegg med utslepp til sjø
Vatn:	Offentleg vannverk
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/15376

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bygg & Eiendom Vest AS
Ove Gundersen

Idrettsvegen 3 5936
Mangersnesvei 5936
en 110

MANGER
MANGER